



DEN NORSKE KYRKJA

Volda kyrkjelege fellesråd

Planlegging av vigsel

Ein nyttar dette skjemaet når ein planlegg vigsel eller forbøn for borgarleg inngått ekteskap i ei av kyrkjene i Volda kommune. Paret fyller ut skjemaet saman og sender det til kyrjekontoret i Volda, anten på e-post kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no eller i posten til Volda kyrkjelege fellesråd, pb. 17, 6101 Volda.

Informasjon om paret

For planlegging og korrekt føring i kyrkjeboka, treng vi fyrst informasjon om dykk:

Vi vil gifte oss og ønsker kyrkjeleg vigsel

Vi har allereie gifta oss og ønsker forbøn for borgarleg inngått ekteskap

	Ektefelle 1	Ektefelle 2
Namn		
Personnummer		
Adresse		
Statsborgarskap		
Trussamfunn		
Sivilstatus	Gift Skild Ugift Enke/-mann	Gift Skild Ugift Enke/-mann
Mobilnummer		
E-postadresse		
Tal på forlovarar		
Namn på forlovarar		

Tid og stad for vigsel/forbøn

Det er ope for vigsel i kyrkjene alle laurdagar gjennom året. I tida frå 15. mai til 1. september er det normalt vigslar klokka 12 og klokka 14. For vigslar på andre dagar i veka, elles i året, utandørs eller i andre lokale, må ein gjere eigen avtale om tidspunkt.

Ta kontakt med kyrjekontoret når de har funne eit tidspunkt. Då kan de finne ut om tida er ledig, eller om det finst alternativ. Deretter sender de inn dette skjemaet. Tid for vigsel vert tildelt fortløpande etter kvart som skjemaa vert leverte.

Vi ønsker å gifte oss

Prøvingsattest

Prøvingsattest frå folkeregistermynda er naudsynt for å gifte seg. Denne attesten kan ein søke om på www.skatteetaten.no Ferdig attest vert normalt send til paret på Altinn. De sender attesten vidare til kyrkjekontoret, anten på papir eller på e-post. Attest er gyldig i fire månader, så vi rår til at de søker om attest ca. tre månader før bryllaupsdatoen. Om de planlegg forbønshandling, leverer de i staden kopi av vigselssattest.

Vigselssamtale

I god tid før bryllaupsdatoen tek presten som skal ha vigselen kontakt og avtaler tid for vigselssamtale. I samtalen vert de betre kjende, planlegg vigselen og kanskje har de tid til å øve litt saman. Vigselen følgjer Den norske kyrkja si ordning. Paret kan sjølv vere med å velje musikk, salmar og bibellesingar i samråd med prest og kyrkjemusikar. Ordningane finn ein [på kyrkja sine nettsider](#).

Økonomi

Det er gratis for medlemmer i Den norske kyrkja å gifte seg i kyrkja der ein bur. I Volda kommune vert det kravd ein eigendel som godtgjersle for bruk av kyrkja og bruk av organist når bae har folkeregistrert adresse utanfor kommunen. Dei som også bur utanfor prostiet (dei sju kommunane på Søre Sunnmøre) må i tillegg betale for bruk av prest. Dersom ingen av paret er medlemmer, kan ein også gifte seg i kyrkja, men betaler alle eigendelar utan omsyn til bustadadresse. Ved å krysse av nedanfor aksepterer de kostnadene* som kjem til:

Vi betaler ingenting fordi minst ein av oss bur i Volda kommune og er medlem i Den norske kyrkja.

Vi må betale godtgjersle for:

- bruk av Volda kyrkje (kr 2200)
- bruk av ei av dei andre kyrkjene (kr 1100)
- bruk av organist (kr 1750)
- bruk av prest (kr 3900)

Konkrete ønske for vigselen/andre kommentarar

--

Underskrifter

Stad	Dato	Signatur ektefelle 1
Stad	Dato	Signatur ektefelle 2